



**DET KONGELEGE BARNE-
OG FAMILIEDEPARTEMENT**

Statsråden

Stortinget
Familie- og kulturkomiteen
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref
23/264-

Dato
3. februar 2023

**Dokument 8:86 S (2022-2023) - Representantforslag frå
stortingsrepresentantane Olaug Vervik Bollestad, Kjell Ingolf Ropstad og
Dag-Inge Ulstein om ein redningspakke til frivilligheita**

Eg viser til brev frå familie- og kulturkomiteen om forslag til ein redningspakke til frivilligheita. Saka blei oversendt Kultur- og likestillingsdepartementet 17. januar, men som varsla til komiteen, er saka sendt vidare til mitt departementet. For å svare på forslaget har Barne- og familiedepartementet innhenta innspel frå Kultur- og likestillingsdepartementet. Forslaget frå stortingsrepresentantane Bollestad, Ropstad og Ulstein lyder:

- 1. Stortinget ber regjeringen fremme forslag om å innføre et fritidskort på 2 500 kroner for alle barn mellom 6 og 18 år.*
- 2. Stortinget ber regjeringen fremme forslag om å øke strømstøtten for frivilligheten til 100 pst. kompensasjon over 50 øre/kWt. (avvist etter Stortingets forretningsorden §39 annet ledd bokstav e)*
- 3. Stortinget ber regjeringen fremme forslag om en økonomisk støttepakke til frivilligheten.*

Fritidsaktivitetar er ein viktig del av barn og unge sin oppvekst og gir meistring, samhald og uformell læring. Høvet til å delta i meningsfulle fritidsaktivitetar saman med jamaldrande er òg viktig for å motverke utanforskap seinare i livet.

Regjeringa vil arbeide for at fritidsaktivitetar er tilgjengeleg for alle barn, i samarbeid med kommunesektoren og dei frivillige organisasjonane. Hausten 2022 signerte regjeringa, KS og ei rekke frivillige organisasjonar fritidserklæringa på nytt. Partane i erklæringa er samde om å samarbeide for at alle barn skal ha høve til å delta på minst éin organisert fritidsaktivitet.

Regjeringa vil følgje opp erklæringa gjennom dei breie ordningane som sikrar økonomiske rammevilkår for dei frivillige organisasjonane, og har prioritert full moms kompensasjon til frivilligheita og auka nasjonal grunnstøtte til barne- og ungdomsorganisasjonar. I tillegg satsar vi på målretta ordningar der kommunar og frivillige organisasjonar kan tilpasse den lokale innsatsen ut frå eigne behov og utfordringar.

Stortinget ber regjeringa fremje forslag om å innføre eit fritidskort på 2 500 kroner for alle barn mellom 6 og 18 år

Det er fleire årsaker til at barn og unge i dag står utanfor fritidsaktivitetar. For barn som veks opp i familiar med låge inntekter kan utgifter til fritidsaktivitetar vere éin viktig utfordring. Den pågåande situasjonen med høge straum- og matvareprisar kan føre til at fleire foreldre no slit med å betale trenings- og deltakaravgifter. Dette er ei utfordring som regjeringa tek på alvor.

Samstundes er årsaka til at barn og unge ikkje deltar i fritidsaktivitetar samansette, og det er difor naudsynt med ordningar som legg til rette for ulike løysningar tilpassa lokale behov. Regjeringa har valt å prioritere andre tiltak enn eit fritidskort, som var ei ordning som i liten grad ga kommunane og frivillige organisasjonar rom til å finne eigne løysningar for å inkludere barn og unge i fritidsaktivitetar.

I staden for eit fritidskort, har regjeringa mellom anna valt å styrkje den nasjonale ordninga *Tilskot til å inkludere barn og unge*, som gir støtte til fleire tiltak retta mot å inkludere fleire barn og unge i fritidsaktivitetar. I perioden 2022-2023 er ordninga styrkt med totalt 181 mill. kroner, og utgjer i dag 664 mill. kroner. Kommunar, frivillige organisasjonar og andre private aktørar kan alle søkje om tilskot. Kommunar treng berre å sende inn éin søknad, og vel sjølv korleis dei vil nytte tilskotet til dei ulike tiltaka dei har fått innvilga tilskot til.

Eit eksempel på tiltak som kan få støtte gjennom ordninga er lokale fritidskassar, som skal gå til å dekkje utgifter forbunde med deltaking i fritidsaktivitetar, til dømes til utstyr, cup eller reise til og frå fritidsaktivitetar. Kommunar kan òg nytte fritidskassen til å dekkje kostnader til deltakaravgifter i faste, organiserte fritidsaktivitetar, på tilsvarande måte som eit fritidskort. Samstundes er fritidskasse eit tiltak som gir kommunane meir fridom enn eit fritidskort til å innrette ordninga slik dei sjølv ønskjer.

Andre eksempel på tiltak ein kan få støtte til gjennom ordninga er utstyrssentralar der barn og unge familiar kan låne sports- og fritidsutstyr, og aktivitetsguidar som skal hjelpe barn og unge med å finne vegen inn i ein fritidsaktivitet. Ordninga gir òg støtte til fritidsklubbar og andre opne møteplassar, som er eit viktig tilbod til barn og ungdom som ønskjer ein sosial og uformell møteplass.

I 2022 blei det løyvd 25 mill. kroner til tilskotsordninga Inkludering i idrettslag frå spelemidlane til idrettsformål, ein auke på 5 mill. kroner frå 2021. Tilskotsordninga Inkludering i kulturliv blei oppretta i 2020, og var då på 5 mill. kroner. I år er ordninga på 13 mill. kroner.

Følgjeevalueringa frå prøveprosjektet med fritidskortet har vist at ordninga har vore tid- og ressurskrevjande å etablere og at det har vore utfordrande å nå ut til sårbare barn og unge med ordninga. Kommunane, foreldre og frivillige lag og organisasjonar peiker i evalueringa òg på fleire barrierar for deltaking enn økonomi. Eg meiner derfor det har vore riktig av regjeringa å prioritere andre verkemidlar som i større grad treff barn og unge som står utanfor organiserte fritidsaktivitetar.

Stortinget ber regjeringa fremje forslag om ein økonomisk støttepakke til frivilligheita

Gjennom støtteordningane under covid-19-pandemien blei det under både denne og førre regjering utbetalt totalt 3,7 milliardar kroner til frivillige organisasjonar. Denne regjeringa var òg raskt på plass med straumstøtte til frivilligheita, og organisasjonane har fått hjelp med straumrekningane sine sidan desember 2021. Føremålet med denne støtta er å gi organisasjonane høve til å oppretthalde aktivitetsnivået utan å auke deltakaravgiftene. Ordninga har same, høge dekningsgrad som ordninga for hushalda, og det er til no løyva over 1,3 milliardar kroner til dette føremålet.

Regjeringa stiller opp for frivilligheita, og har i tillegg prioritert full meirverdiavgifts-kompensasjon til frivillige organisasjonar. Meir enn 22 000 lag og foreiningar får tilskot frå ordninga, og fleirtalet er lokale idretts-, kultur- og fritidsforeiningar som tilbyr aktivitetar til barn og unge. Både i 2021 og 2022 har regjeringa følgd opp lovnaden om full momskompensasjon, og i 2022 blei det løyva over 2 milliardar kroner til ordninga. Det betyr at ordninga er styrkt med om lag 300 mill. kroner under denne regjeringa.

Regjeringa vernar også om dei breie grunnstøtteordningane til frivilligheita. Dei lokale aktivitetsmidlane i idretten og Frifondmidlane til barne- og ungdomsorganisasjonar – nærare 700 millionar kroner til saman, er eksempel på slike breie ordningar. Den nasjonale grunnstøtta til barne- og ungdomsorganisasjonar blei òg auka i 2022. Dette kjem i tillegg til momskompensasjon og straumstøtte, og er midlar som organisasjonane i stor grad sjølv vel korleis dei vil nytte.

Gjennom spelemidlane til idrettsformål blir det løyvd tilskot til å byggje og rehabilitere idrettsanlegg i kommunane. I 2022 var tilskotet til idrettsanlegg i kommunane på 1,7 milliardar kroner. I 2023 er tilskotet frå spelemidlane til Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (NIF) på 810 mill. kroner. Det statlege tilskotet skal bidra til å redusere økonomiske og andre hindringar for at barn og unge kan delta. I tillegg fekk NIF i perioden 2022-2024 30 mill. kroner frå spelemidlane til eit krafttak for mangfald og inkludering i idrett.

Det er også etablert ei søknadsbasert ordning for mangfalds- og inkluderingstiltak innan idrett og fysisk aktivitet i samarbeid med tre private aktørar (OBOS, Sparebankstiftelsen DNB og Stiftinga VI). Dei bidrar med totalt 100 mill. kroner i 2023, medan staten bidrar med same beløp.

For frivilligheita veit vi at det er viktig å gjere det enkelt å vere frivillig, slik at folk kan bruke tida si på det dei brenn for, framfor administrasjon. Regjeringa har samla statlege tilskot til frivillige organisasjonar i ein ny nettportal «tilskudd.no», som skal gjere det enkelt for alle å finne fram til aktuelle tilskot på dei fleste samfunnsområde. Nettsida gir oversikt over 136 tilskot og tilskotsordningar på éin stad, mellom anna med informasjon om søknadsfristar og kva ein kan søkje om støtte til. Publiserte tal viser at det ble løyvd over 9 milliardar kroner i tilskot til over 26 000 mottakarar i 2022.

Med helsing



Kjersti Toppe